

6. —»— 1951: Eng og beitedyrking på myr. Meddelelser fra Det norske myrselskap, hefte 3.
7. —»— 1953: Kalking og kalkverknad — samt ymse jordbetring på myr. Meddelelser fra Det norske myrselskap, hefte 4.
8. Lie, Ole 1950: Fra mosemyr til åker og eng. Meddelelser fra Det norske myrselskap s. å.
9. Lunde, H. 1927-29: Beretning om myrforsøkene i Trysil. Melding frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon s. å.
10. Lømsland, D. 1946: Om grunnlaget for vannregulering på myr. Meddelelser fra Det norske myrselskap s. å.
11. Sorteberg, A. 1948: Melding fra Ny Jord's forsøksgard på Smøla 1938—1947. Ny Jord, hefte 2, 1948.

DYR KING AV YMSE KULTURVEKSTER PÅ MYR.

Av forsøksleiar Hans Hagerup.

Foredrag haldi den 3. mars 1954 på Det norske myrselskaps møte under Landbruksveka.

Råma for dette foredraget er slik at det eg kjem til å leggja fram blir noko fragmentarisk. Mykje av det vil og sikkert vera kjent for dei fleste som interesserer seg for myr dyrking.

Kva kulturvekst skal ein dyrke på myrjord? Svaret på dette vil verta noko ulikt, alt etter dei lokale tilhøve, korleis myrane klimatisk ligg til, og etter myrslaget. Dei klimatiske vilkår for dyrking av kulturvekstene skiftar mykje hos oss, og det er forståeleg når ein tenkjer på landet si utstrekning frå sud til nord. Medan medeltemperaturen på Jæren ved Forus er 12—13 C⁰ i tida mai/september, er denne ved Tromsø i same tida 7—8 C⁰. Dertil må ein vera merksam på at også april og oktober månader er vekstmånader på Jæren. Det er såleis under slike tilhøve langt større vilkår for eit allsidig planteval enn under ugunstigare klimatiske høve. Temperaturskilnad har ein og frå lågare til høgare lende. Likevel er det likskapspunkter i dyrkinga av dei ymse vekster, det som mest skil er arts og sortvalet.

Som De kjenner til ligg myrane ofte slik at dei er frostlende, meir inne i landet enn ute ved kysten. Myrjorda har dårleg varmeleiande evne, stor vasskapasitet, og desse eigenskaper gjer at det er ei lite drivande jord som høver dårleg for vekster som skal stå til mogning. Ein kan gjera myra meir varmeleiande ved påføring av mineraljord og det har mest å segja for mindre gode dyrkingsmyrar, men dette kulturmiddel vil serleg no vera dyrt å utføre. Avlingane vil skifte etter som myrslaget er, såleis mindre avlingar på dårlege myrar enn på gode. Og det er større kostnad å få ei dårleg myr opp i god kultur enn ei god myr.

Reint generelt kan ein segja at myrjorda høver best til dyrking

av førvekster, beite og ymse hagevekster, mindre skikka er den til vekster som skal stå til mogning, t. d. korn.

Eg skal så nemne litt om dei ymse kulturvekster og korleis dei har slegi til ved Det norske myrselskaps forsøksstasjon på Mæresmyra og ymse andre stader.

Engdyrking.

Eng og beite inntar den største plassen av dyrka jord dei fleste stader i landet vårt. I enkelte strok og på større gardar har nok dette skifta i dei seinare år. Men for året 1949 kan eg nemne at Akershus fylke som hadde mest open åker, der var engarealet 47 %, medan det på Vestlandet var om lag 75 % og Nordland og Troms fylker vel så 80 %. For myrjorda sitt vedkomande er det sikkert større prosent til eng enn dei refererte tal. Ut ifrå dette forstå ein kor verdfullt det er å få til god eng og gode avlingar som fyller kravet til godt husdyrfôr. For fastmarksjord er det utrøynt at i stuttvarig eng, 3 til 4 år, er ei blanding av kløver og timotei best. Kløver er ein sers god førvekst, protein- og askerik og god i føringa til mjølkekyr. Vi har prøvd raud- og alsikekløver i blanding med timotei og andre grasarter på Mæresmyra og andre stader i landet, men den har som oftast vist seg usikker på myrjord, serleg på den som er godt molda. Kløver har her lett for å fryse opp når det er ustabile vintrar. Er vinteren stabil og med godt snødekke, har kløver gått betre, serleg da i innlandsstrok, men sjeldan er den varig. Går den bra eit år, så kan det vera lite igjen andre året. På mindre molda myr, serleg på kalk- og mineraljordblanda mosemyr, har den slegi til både 2 og 3 år. Raudkløver har gått betre enn alsikekløver. Da kløverfrøet er dyrt, bør den ikkje utgjera større del av engfrøblandinga enn $\frac{1}{4}$ til $\frac{1}{3}$. Og der den har vist seg usikker, bør den ikkje utgjera meir enn 20 % av blandinga. Sikrast er da å så berre timotei. 3 kg frø pr. dekar er nok også av frøblandinga.

Timotei har jamt over vori det beste grasslag i den såkalla kunstige enga. Den har gjevi dei største og sikraste avlingane både på Mæresmyra og på dei ulike stader den elles er prøvd i landet. Den treng god gjødsling og bør ikkje beitast for sterkt så den vert svekka mot vinteren. Hausting av ettervekst må ein gjera i så god tid at den kan veksa til litt. I tilfelle håslått vert brukt, er det ein fordel å stubbe høgt. På mindre gode myrar og langt mot nord eller høgt over havet, vert det sjeldan spørsmål om meir enn ein gong slått, og her er det vandare vekstvilkår og difor enda meir om å gjera at ikkje enga vert for snau om hausten. I høve til andre grasarter har timotei noko lågt innhald av protein, men høgt innhald av kvævefrie emne. Timotei har den store fordel framom andre grasarter, at den er lett å avle frø av der mogninga er nokonlunde sikker, og at ein ikkje er utsett for sterk legde i frøenga. Forsøk med timoteistammer har vist at lokalavla frø gjev betre og sikrare avlingar enn frø som

er avla under gunstigare tilhøve. Eller ein kan segja det slik, at timoteifrø som er avla under vanskelege dyrkingsvilkår, er meir dyrkingssikker under vanskelege overvintringshøve, enn frø som er avla under gode dyrkingsvilkår. Dette gjeld også for andre grasslag.

Høyavlinga av timotei vil som andre vekster skifte mykje etter gjødsling og jordkultur. På Mæresmyra har vi ved normalgjødsling havt avlingar på 6 à 800 kg høy pr. dekar ved første slått og dertil etterslått som har svinga mykje, men også her 100 til 200 kg pr. dekar av tørr hå. Ved sterkare gjødsling kan ein oppnå større avlingar.

Dei andre grasslag skal stutt omtalast, da dei har mindre å segja i frøblandinga i stuttvarig eng. Det er fleire som er prøvd, men her skal nemnast nokre av dei viktigaste: Engrevehale, engsvingel, seinrapp, engrapp, svingelfaks, strandrøyr, kvein og hundegras. Dei har alle gjevi mindre medelavlingar enn timotei, men nokre har vori hardførare og varigare i enga. I ymse år kan enkelte av desse ha komi på høgde med timotei i avling. Engrevehale er svert tidleg, og kan høve bra der timotei kan vera sein i si utvikling. Men den går lett i legde og har da lett for å verta rustfengd. Svingelfaks og strandrøyr kan ein ikkje nytte i stuttvarig eng, da dei ved sine rotutlauparar kjem att i åker. Svingelfaks er brukt for tilsåing av t. d. jarnbaneskråningar. Ein engvekst som kvein kjem inn i enga ved sjølvsådd etter kvart som enga vert gamal. Dette går seint i timoteieng på god grasmyr, men på simplare myrtyper, gjerne med brenntorvkarakter og lettare struktur, vil kvein lett koma inn. På slik myr kan den konkurrere med timotei i avlingsmengd, da denne fort vil gå ut og gjerne er det kvein som kjem i staden. Etter 2—3 år vil timotei vera sterkt gått tilbake, og det vil difor vera rett å ta med kvein i frøblandinga med 20—25 % saman med timotei på slik myr. Seinrapp (poa serotina) har vi prøvd samanlikning med timotei, og avlinga av den har stått om lag på høgde med timotei. Men den er mjuk i strået og høver difor ikkje sådd åleine til eng. Den bør i tilfelle såast i blanding med timotei. Elles så vert det ikkje avla frø av denne her i landet, det er svensk frø som er prøvd her.

Ut ifrå forsøka på Mæresmyra skal eg nemne dei relative avlingar som er teki av ymse grasslag til høyavl:

Timotei	(620 kg pr. dekar ved 1. slått)
Engrevehale	79
Engrapp	76
Svingelfaks	69
Engsvingel	61
Raudsvingel	60
Kvein	51
Hundegras	42

Dette er avlingar frå fire til seks år eng. Etterslåttan har til dels vori større av enkelte av desse grasslag enn av timotei, såleis

revehale og hundegras, det siste dersom det ikkje vert skadd for mykje av frost, men sjølv med dette tillegg har dei ikkje komi på høgde med timotei. Engrapp har størst verd i beite, der det er eit naturleg og varig gras. Den har elles verdi der eng skal vara lenge.

Kor lenge skal eng liggje?

Dette kan ein ikkje svare generelt på. Er det eit fast vekstskifte, så er det naturleg at eng ikkje varer lenger enn dette vekstskifte tilsegjer. Der timoteien held seg godt er det ingen ting i vegen for at eng ligg 4—5 år. Med moderat beiting og god gjødsling har timoteieng haldi seg 6—7 år ved forsøkgarden. Og på sine stader kan det vera naudsynt å late eng liggje så lenge timoteien dominerer avlinga. Når den går ut og andre mindre yteføre grasarter kjem i staden, kan ein pløye om og så til ny eng. Det kan og verta spørsmål om å nye opp att eng ved harving og frøsåing, når avlingane minkar.

Tillegging av eng, dekkvekst.

Det gjeld for myrjord som for anna jord at den må vera godt smuldra ved tillegg til eng, så jorda kan falle godt omkring såfrøet. Nedmolding av engfrøet, kan anten gjerast ved at det vert utsådd før dekkveksten (korn eller grønfôr), eller ved å vente til ugras-harvinga kan gå føre seg samtidig. Tung tromling går også godt an, og serleg på lausare myr. I attleggsåret vil avlinga av engvekstene ikkje verta stor, det tek tid før planten får rotfeste og kan ta næring frå jorda. Difor melder spørsmålet seg om ein skal nytte dekkvekst eller ikkje i attleggsåret. Under gode vekstsvilkår er det vanleg å bruke det, derimot kan det ikkje vera tenleg å bruke dekkvekst under mindre gode vekstsvilkår, dvs. der denne ikkje når fram til modning eller ugraset lett kan ta overhand og kvele engfrøplantene. Forsøka med dekkvekst ved attlegg til eng på Mæresmyra viste dette resultat (relative tal):

Dekkevktst:	Attleggs- året	1. års eng	2. til 4. års eng
Mogi bygg	100	100	100
Grønfôr (havre + erter)	65	114	100
Utan dekkvekst	32	126	95

Mogen overvekst har under våre høve gitt beste resultatet i attleggsåret og utan dekkvekst, dårlegaste. I første engåret har beste eng vori der tillegget vart gjort utan dekkvekst, minste høyavling etter mogen oversæd. I 2. til 4. engåret var skilnaden utjamna.

«Isbrann» er eit fenomen som opptrer på flat jord, såleis også på myrjord. Namnet er ikkje godt, det er vel ofte vatnet som er årsak til at engplantene går ut. Smeltevatnet frå isen samler seg i fordjupninger og vert ståande der og såleis «røyter» ut plantene.

God planering av overflata vil gjera isbrannfåren mindre. Ettervekst som ikkje vert hausta, hindrar i høg grad isbrannskader. Årsaken til isbrann kan vel og vera direkte frostskader på plantene om våren. God gjødsling vil og vera til vern mot isbrannskader.

Kva tid skal enga haustast?

Det er ei nokså vanleg meining at høy frå myrjord ikkje er så bra i føringa som høy frå fastmark. Denne meining er ut ifrå praktisk røynsle og ikkje frå forsøk. Som oftast vil fastmarkshøy vera rikare på kløver, medan kløver i høy frå myrjord er meir sjeldan, og da er det rimeleg at det vil merkast. Finske forsøk med høy frå fastmark og myrjord i føringforsøk til oksar viste ein liten skilnad i verdien, men når myrjordshøyet fekk eit tilskott av mineralfôr, kom det på høgde med høyet frå fastmark. Det er såleis av stort verd å få eit relativt oskerikt høy på myrjord. Timotei er ikkje rik på oske, men derimot kløver. God gjødsling og tidleg slått er her hjelperåder, og eg skal nemne litt om resultatet av 8 års forsøk med ulike slåttetider med timotei.

Gjødslinga var 15—20 kg superfosfat, 25—30 kg kaliumgjødsel 33 %, 10—20 kg kalksalpeter pr. dekar. Slåttetidene var når timoteien skyt, ved bløming og 14 dagar etter bløming:

	Tidleg	Medels	Sein slått
Fôrverde pr. dekar (1. slått)	227	274	263
Fôrverde pr. dekar etterslått	52	44	28
Sum	279	318	291
Fôrverd pr. 100 kg høy:			
1. slått	43,5	40,3	33,1
2. slått	44,8	46,5	48,4
Melteleg protein, kg/da:			
1. slått	37,8	36,9	32,8
2. slått	10,3	10,3	8,2
Kg høy til 1 fôrverd:			
1. slått	2,3	2,5	3,0
2. slått	2,2	2,1	2,0
Gr. Melteleg protein pr. fôrverd:			
1. slått	164	116	112
2. slått	200	234	290

	Tidleg	Medels	Sein slått
Gr. pr. kg høy: Oske, 1. slått	43	34	29
2. slått	48	47	56
Ca. 1. slått	3,8	3,1	2,8
» 2. slått	7,2	6,4	7,3
P. 1. slått	1,8	1,4	1,2
2. slått	1,8	2,3	2,6
Melteleg gr. pr. kg høy:			
Oske 1. slått	25	18	13
2. slått	27	25	24
Ca. 1. slått	1,9	1,7	1,2
» 2. slått	4,1	3,4	3,2
P. 1. slått	1,04	0,76	0,52
2. slått	1,04	1,24	1,14

(Tala for håslåtten når det gjeld kjemisk innhald er berre for eit år, og det er heller ikkje føreteki meltingsprøver med denne, dei er difor ikkje så pålitelege som for 1. slåtten.)

Når ein tar 1. og 2. slått under eitt, har ein fått største avling av fôrverd pr. dekar ved slått omkring den tid timoteien blømer. Det verdifullaste høyet får ein ved å slå når timoteien skyt og verdien tek av med utsetting av slåttetida. Det ein bør vera merksam på er at ved tidleg slått får ein høy som er rikt på oske, millom deim kalsium og fosfor, men og kalium. Oska er da betre melteleg enn ved seinare slåttetider. For å få eit så godt som mogleg fullverdig høy på myrjord der grasarter, serleg timotei er dominerande engplante, må ein slå tidleg, dvs. før timoteien blømer. Da det gjerne tar 14 dagar til 3 veker frå skyting til bløming etter som veret er, kan ein ta til med slåtten 1 til 2 veker etter timoteien har skoti. Er ein så heldig at kløver gjer seg gjeldande i enga, kan slåtten utsetjast noko. Ved tidleg slått vil ein og kunne få ein god ettervekst.

Beite

på myrjord skal eg berre nemne stutt. Myrjorda høver godt til beite og avkastnaden kan verta god både på gode og mindre gode myrar. På god grasmyr ved forsøksstasjonen har ein oppnådd i medel for 10 år ved vanleg gjødsling 380 fôrverd og ved sterkare gjødsling 480 f.v. pr. dekar (5 år).

På simpel mosemyr på Flahult, Sverike, har dei i medel for 20 år oppnådd 240—250 fôrverd pr. dekar. Ved Ny Jords forsøksgard på Smøla har dei på mosemyr i medel for 3 år (1948—50) oppnådd 380 fôrverd pr. dekar, 4. året var det ca. 200 f.v. Dei nemnde tal frå Mæresmyra og Flahult gjeld varige beiter. Spørsmålet om skiftebruk også for beiter melder seg no, og dette er teki opp til prøving ved beiteforsøks garden Apelsvoll.

Grønfôr.

Det er umogne avlingar av vårkornarter og belgvekster som gråerter og vikker vi har prøvd til grønfor. Det er ikkje nokon billeg vekst, når ein må kjøpe inn alt såfrø. Men der korn vert dyrka, har ein da kornarten sjølv. Likevel er det ein vekst som kan vera verd å bruke i vekstskifte på myrjord. Da avlinga vert hausta umogen, kan sterk gjødsling nyttast for å få store avlingar.

Havre har gjevi større avling enn bygg og gråerter større avling enn vikker. Største avlinga er teki av havre og gråerter i blandingshøve $\frac{1}{4}$ — $\frac{1}{3}$ gråerter til $\frac{3}{4}$ — $\frac{2}{3}$ havre. Havresort som gjev stor halmavling er sjølsagt best, men elles bør ein nytte den som eventuelt vert dyrka på garden. Gullregn og Strindhavre er begge stråstive og ganske halmrike. Avlingane har legi omkring 2 à 2500 kg råvekt, tilsvarende 5 til 800 kg turt grønfor pr. dekar. På nydyrka myr er det nødvendig å smitte til belgvekstene skal dei gå bra. Smittejord frå åker som før har bori erter, er sikker metode.

Grønforret gjev gode avlingar anten det har vorti sådd 1. eller 30. mai. Den beste avling er oppnådd ved hausting 14 dagar etter havren har blømt. Grunnen til dette er at ertene utvikler seg seinare enn havren. Erter og havre vaksi saman gjev eit betre for enn havre sådd for seg (kfr. kløver i enga). Jorda vert og betre etter ein grønforavling med belgvekster i, enn etter berre korn. Såleis viste det seg at

bygg etter grønfor av havre gav	368 kg lo pr. dekar
bygg etter ertergrønfor	480 » » » »
bygg etter havre, ertergrønfor	472 » » » »

Det er 120 kg bygglo meir for ei føregrøde med erter enn med berre havre.

Rotvekster.

Det er rotvekstene neper og kålrot som vi mest har prøvd ved forsøksstasjonen. For nepene sitt vedkomande må vi segje at dei har gått godt på gode myrtyper, mindre godt på mosemyr og dårleg på myr med brenntorvkarakter i alle fall medan jorda er ny. Nepene vil ha jord med god struktur og god kulturtilstand. Dårleg avling har vi ikkje havt på Mæresmyra, men insektåtak kan vera leit ymse år. Dette er langt verre nordover i landet og difor vil dyrking av nepa vera eit problem der. Det er kålmøll som er verst. Jordloppe kan og vera lei, men mot begge desse insekt har ein no effektive dustingsmidler.

Kålrot bør ein ikkje dyrke på myrjord utan ein på effektiv måte kan verne mot åtak av kålmakk (larva av kålfluga). Utan slik rådgjerd vil rota verta skadd så mykje av makken at den er utenleg som matrot.

Med omsyn til nepene så er det ymse ting eg skal nemne litt om.

Kva tid skal ein så neper på myrjord?

Det er neper som vanleg vert sådd sist, slik også på myrjord. Da myra som oftast er utsett for vårfrost, kan nepene verta skadde ved for tidleg såing. Telen kan og liggje opp til overflata, og den vil auke fåren for stokklauping når den ligg for nært såfrøet så jorda vert kald. Det er skilnad mellom sortane i så måte, såleis kan eg nemne at Fynsk bortfelder og Kvit mainepe går lettare i stökk enn Dales hybrid. Såingsforsøka på Mæresmyra gjennom 12 år gav dette resultat i förverd pr. dekar:

	Såtidar	12/5	24/5	6/6
Dales hybrid		725	÷ 23	÷ 128
Fynsk bortfelder		778	÷ 50	÷ 130
Kvit mainepe		809	÷ 14	÷ 132

Skilnaden i avling er ikkje stor til fordel for den tidlegaste såtida 12/5 mot den midlare såtid 24/5, derimot er det stor avlingsnedgang ved å utsette såinga til 6. juni. Vi har under våre forhold tilrådd å så neper på myrjord i tida 20. til 25. mai. Lenger sør i landet vil såtida vera tidlegare og nordover seinare. Her vert det 2 à 3 veker etter kornsåinga.

Skal nepene dyrkast på flat åker eller på rygg (drill)?

Det kan synast unødvendig å dyrke nepene på rygg, jorda må i alle fall vera godt smuldra. På ny jord er dette vanskeleg, da det som oftast ikkje vert godt nok arbeidt jord. Flat åker til rotvekster er vel for det meste brukt, i alle fall i utlandet. Forsøk som vi har havt med desse kulturmåtar til neper viser ingen avlingsskilnad i medeltalet. Derimot har det i ymse år med ekstreme vertilhøve frå våren av vori ein fordel med ryggkulturen, dvs. når det er mykje regn og ugraset har lett for å ta overhand. I turre føresomrar har flat åker havt føremon. Vi brukar ryggkultur ved dyrkinga av rotvekster, om måten krev litt meir arbeid, får ein sjå burt ifrå, når ein kan ha fordelar på annan måte.

Val av nepesort.

Det er mange nepesortar, og her kan ein segja at dei som slår godt til på fastmarksjord, også går godt på myrjord i same distriktet. Eg skal her nemne nokre avlingstal av ymse sortar vi har prøvd ved forsøksstasjonen. Avlingstala gjeld både rot og topp omrekna til förverd pr. dekar (1922—1943):

Dales hybrid (dansk)	720
Fynsk bortfelder (dansk)	+ 50
Kvit mainepe (Forus)	+ 94
Østersundom (dansk)	+ 64

På mosemyra har sortane Fynsk bortfelder og Kvit mainepe gjeve i same tur 64 og 65 prosent av avlingane på grasmyra.

Nyare forsøk (1947—51) viser dette resultat i förverd pr. dekar:

Dales hybrid (Rogaland)	697
Yellow tankard (Vidarshov)	+ 91
Kvit mainepe (Forus)	+ 91
Østersundom (Amagergård V)	+ 35

Dales hybrid er sein og har hos oss alltid vori underlegen i avling. Den har lettare for å verta skadd av kålflugelarva enn Kvit mainepe og langnepene. Kvit mainepe har den største prosent turremne og er ganske sterk mot klumprot. Ein bør velja dei gode stammer av sortane Yellow tankard, Fynsk bortfelder, Kvit mainepe og Østersundom. Nepene toler ganske mykje frost utover hausten, difor er det dei som vert hausta til slutt. Haustetida er omkring månadskifte september/oktober.

Silonepe.

Med dette meiner ein neper som vert hausta på eit slikt utviklingsstadium at dei kan leggjast i silo. Eg har i omtalen av nepene ikkje nemnt noko om tynningsavstandet. Våre forsøk viser at 15 cm har vori best for Kvit mainepe og 25 til lang- og rundneper. Tendensen er for alle at samla avling (blad og røter) aukar med minskande avstand. Dette fører tanken inn på å dyrke neper utan uttynning. Røterne vert da små og kan ikkje lagrast på annan måte enn i silo eller til föring når beitet gir lite av seg (august månad). Rådot for jordbruksforsøk har teki opp forsøk med dette, og på Mæresmyra har vi havt forsøk i to år. Resultatet peikar i den leid at ein får store avlingar turremne og at denne dyrkingsmåte av neper kan få stort verd også der insektåtak har lett for å ta knekken på einskilde planter. Eg skal her nemne nokre avlingstal for ein nepesort (mainepe). Medelavling av turremne pr. dekar (2 år):

1. haustinga (5/8 og 18/8)	933 kg
2. haustinga (8/9 og 10/9)	1233 »

Som ein ser har ein fått større avling enn av neper som er hausta til vanleg haustetid.

Förbeter og försukkerbeter.

Desse kan ikkje konkurrere med nepene i avling under våre høve. Dei vil ha varmare klima og varmare jord. Dei let seg lett plante ut, og på den måten gjev dei større avling enn ved direkte såing. Betene byr på fordeler i föringa framfor neper, men på den andre sida er dei mykje ømtoleg for frost om hausten, og har under våre forhold lett for å verta skadde av den.

Fôrmargkål har gått bra på myrjord. Den gjev god avling utan uttynning, det er om å gjera å så den tunnt.

Poteter.

Det er ein vekst som eit gardsbruk helst ikkje må unnvera. Alle som steller med jord vil dyrke potet, dersom det er vilkår for det. Nyttan av den er allsidig og er den ein sers verdfull plante i vekstskiftet. Det er difor heilt naturleg at også den som berre har myr som kulturjord, vil dyrke potet. Det som sett grense for om ein skal dyrke poteter på myr eller ikkje, er frosten. Noko frost må ein gjera rekning med på myrjorda, tidleg og seint i vekstida, men er det vanleg frost i den beste veksttida, siste halvdel av juni og juli, så bør ikkje potet dyrkast. Resultata frå forsøka på Mæresmyra har vori ganske gode, sjølv om det ymse år har vori misvekst. Det er berre to år — 1919 og 1928 — at det har vori heil misvekst og enkelte andre år har det vori svært liten avling. Eg skal i samband hermed nemne at på Flahult (den tidlegare Svenska Mosskulturforenings forsøksgard, no Statens), der har poteten gitt dei største avlingar av kulturvekstene. Jorda er her simpel mosemyr som er påført mineraljord og kalka. Det var betre avlingar der enn på grasmyra like ved og som desse avlingstal viser: Medelavlingar av knollar 1919—1923 av sorten Up to date.

Mosemyr	3165 kg pr. da.
Grasmyr	2570 » » »

Denne forsøksgard ligg på 58° n. b. medan Mæresmyra ligg på 64° n. b., og det forklarar sjølvsagt dei gode avlingar, men også der er dei utsett for frost på potetene. Det viser seg at poteten er bøyeleg i sine krav til jorda, og veks bra både på god og mindre god myrjord.

Det er ymse ting som eg stutt skal nemne ved dyrking av poteter på myrjord. Påføring av mineraljord gjer jorda meir varmeleidande og hjelper til å hindre frostskaade. På grasmyra har vi fått ein avlingsauke på 10 prosent ved påføring av mineraljord. Svenske forsøk viser større avlingsauke ved denne kulturåtgjerd, men det er på simplare myrtype. Det er også forsøk som viser negativ verknad for mineraljord.

Ein kultur måte som ikkje må forsømast på myr er føregroing (lysgroing) av settepotetene. Med sorten Louis Botha har vi fått ein avlingsauke av knollar på 20 prosent og på avling turremne 25 prosent. Ved å lysgro potetene får ein også skilje ut sjukdomsfengde knollar føre setting. Ein får gjort veksttida lenger ved føregroing, men poteten bør ikkje setjast ut for tidleg, hos oss sist i mai til først i juni månad så ikkje frosten tar dei unge spirer. Det er betre å setja grodde poteter når jorda er oppvarma.

Det er ei vanleg meining at potet avla på myrjord er betre som utsæd på fastmarksjord, enn potet avla på fastmark. Svenske forsøk

frå Flahult viste at myrjordspotet på myr og sandjord gav 5 til 10 prosent større avling enn fastmarksutsæd. Norske forsøk frå Statens forsøksgard Voll ved Trondheim har ymse år vist ein skilnad til fordel for myrjordspotet, andre år ikkje. Skilnaden forklårast ut ifrå at settepoteten kan vera meir fengd av sjukdom frå fastmark enn frå myrjord. Vi har også prøvd ulikt potetutsæd på Mæresmyra, og det vart 5 % mindre knollavling og 7% mindre avling turremne etter settepoteter frå fastmark mot myrjordspotet. Dette kan vel for ein del forklårast ved at potetene frå myrjord til dels var mindre fengd av sjukdom (turråte) enn frå fastmarksjord.

Avlingane av potet på Mæresmyra har variert mykje ettersom vertilhøva har vori, serleg da om det har vori mykje frost i veksttida; men også valet av potetsort har mykje å segja. Sorten Graham var dyrka mange år, den høyrer til dei halvseine sortar. Den gav i åra 1909 til 1918 i medelavling 1754 kg knollar med 305 kg turremne, og 1919 til 1925, 2114 kg knollar med 394 kg turremne pr. dekar. Det er prøvd fleire sortar, og medelavlingane av desse var i tida 1927 til 1941:

Tidlege sortar	2830 kg knollar med	532 kg turremne pr. da.				
Halvtidlege sortar	÷ 65 »	»	»	+ 18 »	»	»
Halvseine sortar	÷ 348 »	»	»	÷ 22 »	»	»
Seine sortar	÷ 759 »	»	»	÷ 122 »	»	»

Det er mellom dei to første grupper og delvis dei halvseine ein bør velje potetsortar på myrjord. Veksttida vert for stutt til dei seinare sortane. Om potetene vert sett i slutten av mai månad, så kan det gå litt ut i september månad før potetgraset frys heilt ned. Ofte kan det fryse ned før.

Av tidlege sortar kan ein tilrå til dyrking: Early Puritan, Epicure, Edcell Blue, av halvtidlege: Louis Botha, Sharpes Express, British Queen og av halvseine: Jøssing. Dei tidlege sortar er mest utsett for turråte og kan i ymse år verta sterkt fengde, og da vil avlingane verta redusera. Ved sprøyting kan det hindrast. På mosemyra har vi ikkje fått så store avlingar. Sorten Louis Botha har her gjevi om lag 2000 kg knollar pr. dekar.

Potet frå myrjord held ikkje så høg prosent turremne som frå fastmarksjord, skilnaden kan vera 1,5 %. Den er heller ikkje så god som matpotet, ofte vassen og lite melen. Ved sortval og gjødsling kan ein rette noko på det. Korleis året er, innverkar også på matkvaliteten. Likeså har sikkert myrtypen noko å segja.

Korndyrking på myrjord.

Myrjorda er ikkje god kornjord. Den er lite varmeleiande, har stor vasskapasitet, og når dertil kjem at den ofte ligg slik i terrenget, i låglandet, der den kalde lufta samlar seg i klåre netter, så forstår

ein at det er ei kald og lite drivande jord, og som ofte er utsett for nattefrost. Der dei klimatiske høve er gode nok, kan korndyrking på myrjord vera på sin plass. Er det andre jordslag på garden enn myrjord, så kan vekstskiftet ordnast slik at kornet vesentleg vert dyrka på den jorda som er best skikka til det. Det krevst her god innsikt i dei ymse ting ved dyrkinga frå brukaren si side, når korn skal dyrkast på myr.

Det er kornartene bygg og havre som er sikrast å dyrke på denne jorda. Rug og kveite vert det sjeldan spørsmål om, det kan vera rug på mindre god myr, men kveite berre på betre, grunne myrar der sommarvarmen er så høg at den kan drivast fram til full mogning. Bygg og havre har jamt over gitt dei største avlingar. Havre er meir bøyeleg i sine krav og veks bra både på god og mindre god myr, medan bygg går best på god myr.

Skal korndyrkinga på myrjord gå bra, må ein så tidleg og velje sort som høver for staden. Dette krav kan skifte frå landsdel til landsdel og må skjerpast di vandare tilhøva er. På Mæresmyra er det ein medeltemperatur i tida mai/september på 11,5 C°, så den skulle vera tilfredsstillande, men amplituden er ganske stor, slik at risikoen for frost i vår- og haustmånadene har vi. Frost i tida bløming til mogning er verst, og inntreffer den like etter bløming, kan den skade mykje.

Såtida.

Såtidsforsøka våre viser at alle fire vårkornarter toler tidleg såing og vert ikkje skadd av frost, når veret ikkje er alt for ekstremt. Men enn telen i myrjorda ved så tidleg såing, er ikkje den til hinder? Til det kan svarast at skal ein i dei fleste år vente til telen har gått burt, kan det verta for seint å så korn til mogning. Ein må nytte telen ved arbeidinga av jorda, den held hestar og maskiner oppe slik at dei ikkje søkk ned. Smuldringa av jorda går og fint, sjølv om telen ikkje er langt undan. I medel for 19 år har det ved såing 1. mai vori 15 cm tjukk tele og opptint 16 cm over den. Ved såing 20. mai har det i 11 år vori tele, men telen var berre 4 cm tjukk i medel for dei åra. Det skader ikkje spiringa om det er tele, men oppspiringa går seimare enn i meir oppvarma jord. Avlingsutslag i kornavling for ulike såtider har vori ymse, alt etter kor tidleg eller sein sort som er brukt. Nokre avlingstal viser dette.

Maskinbygg sådd 1. og 10. mai har gjevi 290 kg pr. dekar og 20. mai 18 kg mindre enn første.

Asplundbygg (seint) 1/5, 313 kg, 15/5, 11 kg mindre og 20/5, 37 kg mindre enn første.

Perlehavre (tidleg) 1. og 10/5, 324 kg og 20. mai 31 kg mindre.

Trønder, Gullregn og Odinhavre (seine) 1/5, 289 kg, 10/5, 26 kg mindre og 20/5 39 kg mindre enn første.

Tidlege sortar har gjevi same kornavling ved såing 1. og 10. mai og nedgang for seinare såtid. Dei halvseine sortar har gjevi største avling ved den tidlegaste såtida og nedgang ved seinare såtider. Halmavlinga aukar med utsetting av såtida.

Tidleg såing sett større krav til godt såkorn med god spireevne. Ugraset kan som rimeleg er, vera verre ved tidleg enn ved seinare såtid, men ein har no gode midler til å kverke det. Ved såing med 19 dagar mellomrom har den skilnad utgjort 5 dagar på veksttida. Det tidlegast sådde var først ferdig til skur. Det gav oftast betre kvalitet og betre spireevne enn seinare sådd korn. Det viser seg og at attlegg til eng etter tidleg sådd korn gjev beste enga, og det er ganske naturleg, da det var mindre legde ved tidleg enn ved sein såing.

Val av kornsort.

Nokon ideell sort som høver for myrjord har vi ikkje. Dei er for stråveike og går lett i legde, serleg da på kvæverik myr. Det er dei tidlege sortar som er sikrast å dyrke og ein får av desse år om anna det beste kornet. Medels tidlege og halvseine sortar gir nok større avling, serleg i gode kornår, men kvaliteten kan ofte verta dårleg. Av havre er Nidar II frå Statens forsøkgard Voll ved Trondheim den tidlegaste, og den tilrår vi til dyrking på myr der den kan mognast utan frosten skader den for mykje. Sortar som Kytø (finsk), Bambu (svensk) og Strindhavre (Statens forsøkgard Voll) har under gode vilkår gjevi større avlingar, men er for seine til vanleg under våre høve. Dei kan tilrådest der det er betre vekstvilkår. Dei tidlegaste byggsortane er Sølen og Fløya. Dei kan mognast på 90 dagar og er for tilhøva på Mæresmyra unødig tidleg og kan tilrådest der veksttida er stuttare enn her. Maskinbygg, Herse og Kjevik stjernebygg høver bra for veksttida på Mæresmyra. Maskin og Kjevik stjernebygg er om lag like tidleg, Hersebygg få dagar seinare. Vardebygg er om lag som Hersebygg, men har ikkje det stråknekk under akset som Herse, når det er mogi. Asplundbygg som er seinare, har i gode år gjevi store avlingar, men er her i seinaste laget. Bygg av stjernebyggtypen er mindre utsett for mjølauke på myrjord enn firkantbygget (Maskin). Avlingane av bygg og havre har svinga mykje alt etter som åra har vori; til sine tider har kornet og vori frostskaidd. Medelavlinga av havre har vori 250—300 kg pr. dekar og av bygg 220 til 250 kg.

Grønsaker.

Dei vanleg dyrka grovare grønnsaker går bra på myrjord. Erter til mogning går ikkje på godt molda myr, men derimot bra på myr som er lite molda. Den har lett for å vekse opp til stor rismasse. Gulrot, hovudkål og blomkål slår godt til når ein tar dei rådgjerder som trengs for at dyrkinga skal lukkast.

Gulrot kan ein dyrke både på gode og mindre gode myrar.

Men på sers næringsfattig mosemyr må ein ikkje gløyme at det kan vante både koppar og bor skal røtene få fin form og elles god utvikling. På Smøla f. eks. har dei fått fine avlingar, men sporstoffer må først til ved gjødslinga. Gulrota krev mykje arbeid både til tynning og reinhald, det er difor nødvendig å bruke ein dyrkingsmåte som reduserer arbeidsutgiftene. Vi for vår del har dyrka den på rygg med 60 cm mellomrom og to gulrotrader på ryggen. Dette går an i det små, men ved større dyrkingar vert mest nytta 1 rad gulrot på ryggen, ein har da betre høve til å kjøre mellom radene. Dertil må frøet såast tunnt så tynningsarbeidet reduseres. For å få minst mulig ugras har vi dyrka den på ompløgd eng og brukt berre kunstgjødsel. Husdyrgjødsel fører ugras med seg.

Det er om å gjera å få gulrota tidleg i jorda, da den treng lang tid til oppspiringa. Sjølv om det er tele i myra, skader det ikkje spiringa og den går heller ikkje i stökk. Verst er ugraset ved tidleg såing, men ein har no effektive sprøytemidler, så det skulle ikkje vera større fåre. Det kan vera ein fordel å bløyte frøet før såing, slik at det ikkje treng så lang tid til oppspiringa. Resultatet av 10 års såtidforsøk på Mæresmyra viste desse rotavlingar med sorten Nantes:

Såtid	8. mai	4386 kg	pr. dekar		
»	20. mai	÷ 614	»	»	»
»	1. juni	÷ 1263	»	»	»

Ved første såtid har ein ikkje berre fått større avling, men meir av velutvikla, salgbare røter.

Vi har prøvd mange sortar, og desse har vori av dei beste: Nantes som er flott matgulrot, Feonia som også er fin. Best for lagring har London torv (Chantenay) og Guerande vori, men dei er grovare. Spesielle fôrgulrøter har ikkje gjevi større avlingar enn matrøtene. Medelavlingar av Nantes gjennom 20 år har vori ca. 4000 kg. Avlingane har svinga frå omkring 1000 kg og da lite av brukbar rot, største avlinga har vori 8500 kg pr. dekar. Når det er sers gode vilkår, kan røtene verta for store ved å stå heile veksttida, ein må da ta til med haustinga på tidleg tidspunkt.

Hovudkål og blomkål har også gått bra, men i seine år kniper det med å få fast nok hovudkål. Det er ymse ting som ein bør merke seg ved dyrkinga. Såleis må dei unge planter ikkje setjast på jordet for tidleg. Frost toler dei ikkje mykje av og kan lett verta øydelagd. Plant ikkje ut før ein er nokonlunde sikker på at nattfrosen er over. Insektåtak er leie, såleis stankelbeinlarve, tæger, kålmøll og kålmakk, som og var lei for kålrottdyrkinga. Stankelbeinlarva kan gnage av kålplanten like etter utplantinga. Vi har prøvd ein del midler mot den, som planting i kremarhus o. fl. Det er best at det ikkje vert planta djupt, og ein bør bruke planter som er lubne med

hard rothals som kan motstå gnaget. Å prikke kålen i jordpotter vil og hjelpe. Mot flygande insekt nyttar ein D.D.T. dusting preparater. Ataket av kålmakk kan på enkelte planter vera så hardt at planten visnar, men oftast kjem åtaket så seint at kålen kjem til utvikling før åtaket skader noko større. Elles vil vatning med same midler som til kålrot dempe skaden mykje. Å tiltrekke plantene i jordpotter er som oftast ein stor fordel, ein får større avling og tidlegare ferdig kål. Dette er mest om å gjera for seinare sortar.

Dei tidlege sortar av Ditmarskertypen gjev største avlingane, men når det gjeld lagring, høver ikkje desse. Da kan ein bruke Trønder, Stavanger torv, Jotun. Ein sort som Blåtopp er sein og må under våre høve prikles i jordpotter skal den nå god nok utvikling.

Blomkål kan verta sers fin. Den toler lite frost både vår og haust. Det er fleire sortar som vi har prøvd, og desse har vorti bra: Stor dansk, Scheekuppe, Helios. Erfurter er tidlegast ferdig. Avlingsstorleiken av tidleg hovudkål har vori 4 à 5000 kg av sumar- og haustkål og av vinterkål 3 à 4000 kg faste hovud pr. dekar.

Av andre hagevekster som vi har dyrka og som går bra er raudbeter, pastinak, reddiker, salat og purre. Også sjalotlauk har gått bra.

Eg har no fortald om ganske alminnelege ting vedkomande vekster som kan dyrkast på myrjord. Spørsmålet er no kva vekstskifte dei kan ordnast inn i. Dette vekstskifte vert ulikt etter som dei klimatiske vilkår er, meir eller mindre allsidig. Myra har mykje å segja og likeså vil det vera annarleis om garden har noko fastmark eller ikkje. Har denne eit allsidig jordsmonn, er det rimeleg at dyrkinga av førvekster og beite vert lagt til myra. Er det berre myrjord, bør førvekstene oppta største plassen. Der korn kan dyrkast er dette eit brukt omlaup:

Havre

Rotvekster (potet)

Bygg (med attlegg til eng)

4—5 år eng.

Er dyrking av korn usikkert, kan ein ta rotvekster på ompløgd eng og attlegg til eng i grønfør eller utan dekkvekst. Enga kan vare så lenge som den gjev tilfredsstillande produksjon. I ymse strok av landet kan det og verta tale om å nya opp att enga utan plying, men ved overflatearbeiding og frøsaing. Er det høve til spesielle kulturar som høver for myrjorda, kan det tilpassas det vekstskifte som eg nemnde med 3 år åker og 4 år eng.

Har ein mosemyr som er dyrka som tillegg til dyrka jord elles, vil det vera rettast å la den liggje til beite.